

Frå eldre til yngre steinalder

Ein presentasjon av lokalitet 7 i Sømmevågen

Fig. 1. Lokalitet 7 sett mot nordvest etter at buplassen vart avdekket. Rolf L. Bade, Runar Granlie, Sean D. Denham og Oliver D. Sørskog er i ferd med å finreinske den austlege buplassflata, mens Mari K. Samuelsen gjer innmåling på den vestlege buplassflata. På begge flatene fanst det mørke kulturlag med mykje trekol, skjorbrent steinar og bevart organisk materiale. Foto: Arkeologisk museum.



Av Trond Meling

Lokalitet 7 i Sømmevågen låg i den nordlege delen av utgravingsområdet, 8–9 meter over havet, tett opp til ein liten bergknaus som har gitt god le for nordavinden. I overgangen mellom eldre og yngre steinalder stod sjøen like nedanfor buplassen i sør og aust.

Buplassen har ei total utstrekning på ca. 450 m². Den er anlagt på to flater; ei i vest og ei i aust. Flatene er

delvis avgrensa frå kvarandre av låge bergryggar og store steinar (Fig. 1). Over det meste av buplassflata fanst det spor etter dyrking frå bronsealder og eldre jernalder (1800 f.Kr.–Kr.f.), og i yngre bronsealder (ca. 700 f.Kr.) vart det anlagt ei stor kokegrop nær foten av fjellet i aust. Det er ikkje funne spor etter bygningar frå denne perioden, så mest truleg skal kokegropa knytast til eit eller fleire korte opphald i samband med dyrking.

Funnmaterialet

Frå buplassen er det samla inn ca. 45 500 steinartefaktar og nær 8000 fragment med bein. I tillegg er det funne nokre få reiskapar av bein, m.a. to fiskekrokar (Fig. 2), deler av ein harpun og ei nål. Blant funnmaterialet er det ei rekke tidstypiske steinartefaktar, særleg frå tidleg yngre steinalder (ca. 4000–3300 f.Kr.). Det er m.a. funne fleire økser av ein type som vert kalla Vespestadøkser.

Desse er laga av bergart, og nokre er av grønstein som kjem frå Hespriholmen utanfor Bømlo. Ein annan typisk gjenstandskategori er tangespissar av ei form som heiter A-typen. Desse pilspissane vert introduserte ved overgangen til yngre steinalder (ca. 4000 f.Kr.) og heng saman med teknologiske endringar der emna til spissane vert slått av blokker som vert kalla sylindriske kjernar. På lokalitet 7 er det funne over 200 slike pilspissar. Dei fleste er laga i flint, men litt over 8 % av spissane er av rhyolitt. Dette er ein bergart som vart tatt i bruk rundt 4000 f.Kr., og det meste av råstoffet ser ut til å kome frå fjellet Siggo på Bømlo.

I funnmaterialet finst det også element som trekker aktiviteten på buplassen ned i slutten av eldre steinalder. Det er mellom anna funne fire trinnøkser av bergart, tre fiskesøkke av kleber og over 80 tverrpil. Fiskesøkke er typiske for siste del av eldre steinalder, og tverrpilene er ein pilspisstype som ser ut til å ha ei kort levetid i overgangen mellom eldre og yngre steinalder.

Dei mange beinfragmenta frå lokalitet 7 har halde seg svært godt, og fleire stader fann vi konsentrasjonar med bein (Fig. 3). Det aller meste av beinmaterialet er frå større pattedyr, særleg hjort, og det er forholdsvis lite fugle- og fiskebein på lokaliteten. Blant pattedyra er det også ei klår overvekt av ubrende bein, mens det er ei meir lik fordeling når det gjeld brende/ubrende fugle- og fiskebein.

Til no har vi berre fått resultatet frå ni ¹⁴C-dateringar. Dateringane

strekker seg frå ca. 4500 f.Kr. til 3600 f.Kr., men med eit klårt tyngdepunkt til tida rundt 4000 f.Kr. Desse viser eit bra samanfall med gjenstandsmaterialet frå buplassen, både når det gjeld typar og samansettinga.

Funnfordelinga

Fleirtalet av funna frå buplassen kjem frå den austlege flata. Frå dette området er det også flest gjenstandar som kan relaterast til tidleg yngre steinalder, t.d. tangespissar av A-typen, sylindriske kjernar og rhyolitt. På den vestlege buplassflata er slike funn så å seie fråverande, og materialet herifrå peiker meir mot aktivitet i slutten av eldre steinalder. Mellom anna er alle fiskesøkkane og trinnøkseane funne i



Fig. 2. Den eine fiskekroken frå lokalitet 7. Den er funnen på den austlege buplassflata, og forma er typisk for tidleg yngre steinalder. Foto: Terje Tveit, Arkeologisk museum.



Fig. 3. Ei av samlingane med ubrende bein frå den austlege buplassflata på lokalitet 7. Foto: Arkeologisk museum.

denne delen av buplassen. Den eldste ^{14}C -dateringa (ca. 4500 f.Kr.) kjem også herifrå.

Desse trekka i materialet tyder på at det er minst to fasar på buplassen; ein frå tida rundt 4500 f.Kr., og ein frå tida rundt 4000 f.Kr. Det ser også ut til at ein har endra plasseringa av buplassen noko gjennom dette tidsrommet ved at ein flytta nokre meter lengre aust og nærare sjøen i den yngste fasen.

Fordelinga av beinmaterialet på lokaliteten gir også eit interessant bilete. Innafor den vestlege flata er det svært få beinfragment samanlikna med den austlege delen av buplassen.


Det er også verdt å merke seg at alle beina frå den vestlege delen er brende. Ei av årsakene til desse skilnadane kan vere bevaringstilhøva. I den vestlege delen var det funnførande området noko tynnare og kulturlaget mindre organisk enn på resten av lokaliteten. Den vestlege delen av buplassen var også meir erodert på grunn av dyrkinga i bronsealder/eldre jernalder, noko som kan ha skapt dårlegare bevaringstilhøve for organisk materiale, særleg ubrende bein. Vi skal likevel ikkje utelukke at den romlege fordelinga av beinmaterialet på buplassen også reflekterer kulturhistoriske endringar i løpet av perio-

den. Ei forklaring på skilnadane kan vere at hjorten vart eit langt viktigare byttedyr i tida rundt 4000 f.Kr., og at aktiviteten vart meir retta mot hjortejakt i denne perioden. Det er også mogleg at fordelinga av beinmaterialet reflekterer endringar i korleis buplassen vart organisert. Kanskje handterte ein avfallet ulikt i dei to fasane. Ein meir detaljert studie av samansettinga av funnmaterialet og korleis det fordeler seg på buplassen vil truleg kaste lys over slike spørsmål.

Spor etter bustader

På begge buplassflatene vart det funne ein del små stolpehol og enkelte groper og eldstader. I den austlege delen fanst det stolpehol over det meste av flata, men det var ein klår konsentrasjon nærast fjellknausen i nordvest (Fig. 4). Desse stolpehola danna ikkje noko eintydig mønster, men alle kan relaterast til eit mørkt, trekolholdig lag, og fleire av dei fanst i ytterkanten av dette laget. Sannsynlegvis er stolpehola spor etter ein eller fleire bustader på staden, og det er nærliggjande å tru at det mørke laget er restar etter golvet. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om korleis bustadene har sett ut, men sannsynlegvis har det vore forholdsvis lette konstruksjonar sidan dei fleste stolpehola er grunne og har ein beskjeden diameter på under 10 cm. Det er også nærliggjande å tru at stolpehola langs kanten av det mørke laget markerer ein vegg. Det mørke laget har ei utstrekning på rundt 25 m², og sannsynlegvis har bustadene ikkje vore større enn dette. Det fanst to eldsta-

Fig. 4. Planfoto av den austlege delen av lokalitet 7. Stolpehol er vist med raude prikkar, mens eldstader og groper er vist med mørk fyll. Den store kokegropa som er datert til yngre bronsealder er markert med heitrekt linje, mens den stipla linja viser utbreiinga av det mørke laget tolka som restar etter golv. Illustrasjon: Sarita Louzolo/ Trond Meling.



der i same område som dei mange stolpehola, og dersom desse har vore innomhus, er det mogleg at dei representerer to fasar av ein bustad.

På den vestlege flata vart det funne enkelte små stolpehol i området der terrenget skråar slakt nedover mot aust (Fig. 5). Dei låg forholdsvis spreitt innafor eit ca. 20 m² stort område, og det er vanskeleg å tolke utbreiinga. Stolpehola kunne heller ikkje relaterast til noko distinkt lag, men fire av dei danna ei rekke og kan vera restar etter ein vegg. I same område fanst det også ein eldstad og ei grop, så det er nærliggjande å tru at det har stått ein eller fleire bustader på denne delen av flata.

Mellom eldre og yngre steinalder

Busetjinga i Sømmevågen kan først og fremst knytast til overgangen mellom eldre og yngre steinalder, og mykje av aktiviteten på buplassane kan snevrast inn til hundreåra rundt 4000 f.Kr. I denne perioden skjer det

fleire endringar i det arkeologiske materialet; m.a. kjem det inn nye reiskapstypar og nye teknikkar i produksjonen av reiskapar. I tillegg vart nye råstoff nytta, t.d. rhyolitt, for å lage pilspissar o.l. Desse endringane er godt synlege i Sømmevågen, og buplassane vil bli svært viktige for

å studere ei rekke samfunnsmessige forhold og endringar i overgangen mellom eldre og yngre steinalder på Vestlandet. Dette gjeld særleg lokalitet 7, sidan denne buplassen har to klare konsentrasjonar med materiale som er karakteristisk for dei to periodane.




Fig. 5. Planfoto av den vestlege delen av lokalitet 7. Stolpehol er vist med raude prikkar, mens eldstader og groper er vist med mørk fyll. Illustrasjon: Sarita Louzolo/ Trond Meling.